


# Invitasjon til gratis trafikksikringsdag

Trafikksikkerhetshallen i Hordaland – eit opplevingscenter for trafikksikkerheit!



**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**



**Påmelding  
innan  
2. oktober**

# Gratis trafikksikringsdag for læringar som starta opp læretida si i 2013!

**I Trafikksikkerhetshallen får du lære meir om trafikksikkerheit gjennom opplevingar og visuell informasjon. Hallen kombinerar informasjons- og opplæringstiltak gjennom modellar og stands som du kan sjå, prøve og lære av.**

Kursa som blir tilbydd vil bli lagt opp etter type deltakargruppe, og trafikksikringsdagen for læringar tek opp aktuelle tema som fart, rus og bilbeltebruk.

På ein slik dag får du prøve promillebriller, bråstopp, kollisjonsvektsimulator og veltepetter/veltebjørn. Det vil vere informasjonstand om lastsikring og film om konsekvensar av høg fart. Det er også sett av tid til ettertanke.

Fylkestrafikksikringsrådet i Hordaland (FTR) ønskjer å tilby deg som lærling ein slik trafikksikringsdag heilt kostnadsfritt!





**Når:** 15. og 18. oktober 2013

**Kvar:** Trafikksikkerhetshallen,  
Lyngbø i Bergen kommune

**Tidsaspekt:** Kurset varer i 3 timar

**Kurshaldarar:** Instruktørar frå Autoriserte  
Trafikkskolers Landsforbund med fleire

Det vil bli sett opp egne bussar tur/retur Trafikksikkerhetshallen–Bystasjonen.

Det er avgrensa plassar, så du må vere rask ute med påmelding. Bindande påmelding innan 2. oktober, med atterhald for endingar.



## trafikksikkerhetshallen hordaland

---

**For meir informasjon og påmelding**

Hordaland fylkeskommune si heimeside, om FTR:  
[www.hordaland.no/FTR](http://www.hordaland.no/FTR)

**Facebook:** • Trafikksikkerhetshallen i Hordaland  
• Lærling i Hordaland

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**

Samferdselsavdelinga  
Agnes Mowinckels gate 5  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Telefon: 55 23 93 63  
e-post: [samferdsel@hfk.no](mailto:samferdsel@hfk.no)

**[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)**

September 2013. Samferdselsavdelinga.